

# RADØY KOMMUNE

## Radøy ungdomsråd

### MØTEBOK

**Møtedato:** 3.desember

**Møtetid:**

Kl. 15:00 – 17.00

**Møtestad:** Kommunestyresalen

<b>Desse møtte:</b>	<b>Klasse</b>	<b>Desse møtte:</b>	<b>Klasse</b>
Anita Lunde	9 b	Ingvild Brattetaule	1 VGS
Mette Grindheim	9 c	Sandra Morken Reigstad	2 VGS
Alexsander Ohnstad Kvamme	9 a	Thomas Frotjold Valdernes	3 VGS

<b>Forfall:</b>	<b>Klasse</b>	<b>Varamedlemer som møtte:</b>	<b>Klasse</b>
Alexander Ohnstad	8 a		
Maja Hermansen	10 c		
Søgni Sekkingstad	10 A		
Mariell Elvik	10 b		
Øyvind Askeland	1 VGS		
Ida Thomassen	1 VGS		
Agnes Hoshovde Bernes			

Det møtte såleis 6 representantar og 0 vararepresentantar, ialt 6.

<b>Møteleiar:</b>	Leiar Thomas Frotjold Valdernesnes
<b>Frå adm. møte:</b>	Ungdomskoordinator Katarina Birkeland, I arbeidsveke hod ungdomskoordinatoren: Annika Tømmerbakke og Maria Murberg

## **Sakliste:**

### **33/14: Godkjenning av innkalling og referat**

- Informasjon av ordstyrer på møte Ingvild. Ingvild informerte kort om forventningane til representantane i ungdomsrådet.

### **34/14: Presentasjon og oppfølging av saken 30/14 frå møte 3. nov**

Alle presenterer sin sak på 3 minuttar framfor dei andre. Kva har dere gjort, korleis går det med saken og kva må gjerast.

- Skateramp av Maja, Søgner og Øyvind

Ingen av representantane deltok på møte. Leiar har ikkje fått beskjed om at deltakarane har gjort noko vidare arbeid med skaterampen.

- Helsestasjon for ungdom av Ingvild og Mariell

Ingvild informerte om arbeidet om eit helsestasjonstilbod på Radøy for ungdom. Ungdomsrådet har fått svar frå administrasjonen at dei meiner at det nåværande tilbodet med ein helsestasjon i Knarvik er bra som det er. Ungdomsrådet skreiv ein mail som dei har sendte vidare til overlegen i Radøy kommune, Marit Johnsen. Saken vert følgd opp på neste møte.

- Haldningskampanje mot mobbing av Sandra, Ida og Søgner

Sandra informerte om haldningskampanjen mot mobbing på barneskulane. Rektorane har sagt seg positivt til kampanjen. Saka vert tatt opp igjen over nyttår.

- Postkassen av Maja, Aleksander og Thomas

Thomas har snakka med rektoren på skulen og fått ja til å henge opp postkasse på skulen der som ungdomsrådet ynskjer. Thomas og Aleksander pynter og henger opp postkassen før juleferien og informerar i klasseromma om postkassen.

### **35/14: Kriteriane for pengegåva**

Det var for få representantar på møte til at ungdomsrådet kunne stemme over saka. Saka vert tatt opp igjen over nyttår.

### **36/14: Helter og skurkers familiedag**

På grunn av for lite deltaking blant representantane i ungdomsrådet, har ungdomsklubben overtatt arrangementet. Nokon av representantane er likevel med som ungdomsvaktar, men ungdomsklubben står som arrangør.

### **37/14: Ymse**

- Deltaking på UFT møte 13-15 februar

Ingvild informerer om samlinga på ungdomens fylkesting. Det er ei samling over todager som er veldig lærerik og sosialt. Ungdområdet ynskjer å sende to deltakarar. Dessverre ser det ut som ungdomsrådet ikkje har nokon representantar å sende. Saken vert vidareført til januar.

- Møteplan for kommunestyre

Katarina lagar ein plan for deltaking på kommunestyremøte/ spørjetimen for neste halvår. Alle må delta på minst eit møte. Visst ein ikkje kan stille på møte, må representantane bytte innbyrdes.